



## VEDTEKTER

### LEGAT FOR UNGDOM UNDER UTDANNING

(Hirts, Bøhms, Drøgsvolds, Hauges, Gjellands, Graues, Dolves, og Kindems )

#### 1.

Legatet er skipa ved samanslåing av fylgjande legat:

- 1) Inger og Hans Hirts legat, skipa 02.12.1942
- 2) Ing. Bernt Leonard Bøhm og hustru Helenes legat, skipa 26.05.1955.
- 3) Ole Olsen Drøgvolds legat, skipa 03.10.1885.  
(17.04.1936)
- 4) Ivar og Marianne Hauges legat, skipa 11.06.1927.  
(20.06.1936).
- 5) Sofie Gjellands legat, skipa 15.05.1925.
- 6) Anna og Ole Graues legat, skipa 13.02.1929.
- 7) Arnfin V. og Herborg K. Dolves legat, skipa 4. april 1941
- 8) Lars Kindem og kona sitt legat til gagnlege føremål i Voss, skipa 9. mai 1935

#### 2.

Styret for legatet skal vera vald mellom medlemene i Hovudutval for levekår, og skal ha minst 5, høgst 9 medlemer, likevel slik at kravet til kjønnsfordeling vert oppfylt, jfr. § 27 i Stiftseslova. Kommunestyret vel styret som føl valperioden.

#### 3.

Føremålet med legatet er å yta økonomisk stønad til ungdom som har tilknyting til Vossebygda, og som søker utdanning, i første rekke på universitets- og høgskulenivå. Stønad kan også gjevast til slike som må ta anna utdanning p.g.a. sjukdom.

Kvar stipendporsjon skal vera så stor at det er mon i han for søkeren.  
Ved tildeling vil ein ta omsyn til tidlegare tildeling.

## 4.

Stipend skal utdelast av legatstyret kvart år i januar/februar månad etter kunngjering i lokalblad på Voss. Søknad (vedl. studiebevis) om stipend skal sendast Voss kommune, postboks 145, som legg søknadane fram for legatstyret.

## 5.

Grunnmedelen i fondet som utgjer kr. 760.000,- er urørleg og skal plasserast som fastsett i ”Lov om stiftelser” av 15.06.2001 § 18, eller etter dei reglar som til ei kvar tid gjeld for stiftingar. Innanfor denne råma skal midlane forvaltast slik at dei gjev best mogleg avkasting.

## 6.

Styret peikar ut rekneskapsførar og revisor.

## 7.

Av dei årlege inntektene skal 20 % leggjast til grunnmedelen. Styret for legatet kan gje vedtak om at rentesummar som av ymse grunnar ikkje vert utdelte skal leggjast til grunnmedelen. På same måte kan styret gje vedtak om at unytta rentesummar skal delast ut det følgjande år.

## 8.

”Legat for ungdom under utdanning”, er godkjent skipa av Fylkesmannen i Hordaland 17.09.1990, sist endra ved godkjenning av Fylkesmannen d. ved at Anna og Ole Graues legat vert lagt til legatet. No ved at Arnfin V. og Herborg K. Dolves legat, Lars Kindem og kona sitt legat til gagnlege føremål i Voss. Dermed aukar grunnmedelen frå kr 565.000 til kr 760.000.

## 9.

Endringar av vedtekten skal skje etter reglane i Kap. 6 i Lov om stiftelser m.m. av 23. mai 1980 nr. 11.

Voss, ... 05. mars 2008

Gunn Berit Lund eÅrvik  
Styreleiar/ordførar

Richard Jacobsen  
Kommunelege

Knut A. Knudsen  
Prost

Else Berit Kyte  
Kommunalsjef pedagogiske  
tenester  
  
Lidvard Faaberg  
Sorenskrivar